



Saksbehandlar: Svein Hågård, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 16/3230-297

## **Nominering av styremedlemer til Sogn og Fjordane Holding AS**

### **Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjøre slikt vedtak:**

- 1 Fylkesutvalet peikar ut følgjande tre personar til styret i Sogn og Fjordane Holding AS:
  - 1)
  - 2)
  - 3)

Varamedlem:

- 2 Fylkesutvalet peikar ut følgjande to personar til ei valnemnd som skal finne fram til to styremedlemer og éin varamedlem på vegner av aksjonærane i aksjeklasse B:
  - 1)
  - 2)
- 3 Fylkesutvalet sitt vedtak, jf. pkt. 1 og 2, føreset at fylkestinget slutter seg til fylkesutvalet sin tilråding i sak 78/19 når det gjeld § 5 i vedtekten til Sogn og Fjordane Holding AS.

### **Vedlegg:**

#### **Andre relevante dokument i saka:**

FT-sak 42/19

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

I møte 08.10.19 skal fylkestinget handsame sak 42/19, «Sogn og Fjordane fylkeskommune sin eigarskap i Sogn og Fjordane Energi AS – justering av aksjonæravtale, vedtekter og gåvebrev».

Tilrådinga frå fylkesutvalet til fylkestinget går m.a. ut på at § 5 i vedtekten for Sogn og Fjordane Holding AS (SF Holding) heretter skal ha slik ordlyd:

«Selskapet skal eit styre med fem medlemer. Styremedlemene tenestegjer i fire år.  
Styreleiaren skal ha folkeregistrert adresse i det geografiske området Sogn og Fjordane slik grensene var før 1. januar 2020.

To av medlemene veljast av eigarane av aksjeklasse B. Minst ein av medlemene som vert valde av eigarne av aksjeklasse A, skal ha folkeregistrert adresse i det geografiske området Sogn og Fjordane slik grensene var før 1. januar 2020.

Selskapet sin styreleiari åleine teiknar firmaet.»

Tre av styremedlemene skal ifølgje tilrådinga veljast av eigaren av aksjeklasse A, som frå det tidspunktet vedtekten er endra og fram til årsskiftet er Sogn og Fjordane fylkeskommune, og frå 2020 er Vestland fylkeskommune. Dei to siste styremedlemene skal veljast av eigarane av aksjeklasse B, som – under føresetnad av at dei aksepterer gåva frå fylkeskommunen – vert dei 18 kommunane i dagens Sogn og Fjordane som frå 2020 vert ein del av Vestland fylke.

Etter møtet i fylkestinget 08.10 kjem fylkesrådmannen til å sende gøvebrev og aksjonæravtale til alle dei aktuelle kommunane i Sogn og Fjordane. Som opplyst i FT-sak 42/19, legg eg opp til å setje akseptfristen til 18.11.19, slik at ekstraordinær generalforsamling i SF Holding kan haldast i slutten av november.

Generalforsamlinga skal endre vedtekten i selskapet og deretter velje nytt styre, slik at samansetjinga av styret vert i samsvar med dei nye vedtekten.

Sjølv om fylkestinget ikkje har godkjent vedtekten endå, bør fylkesutvalet alt i dette møtet peike ut dei tre styremedlemene som skal veljast av eigaren av aksjeklasse A, sidan det neste møtet i fylkesutvalet ikkje er før 20.11.

I tillegg bør fylkesutvalet no oppnemne ei valnemnd på to personar som skal peike ut to styremedlemer på vegner av aksjonærane i aksjeklasse B, dvs. kommunane. Fylkesrådmannen legg til grunn at medlemene i valnemnda bør vere blant medlemene i fylkesutvalet, sidan fylkesutvalet kjenner selskapet godt og har eit breitt kontaktnett i kommunane.

Fylkesutvalet sitt mynde til å gjere desse utpeikingane følgjer av delegerings- og innstillingsreglementet kap. 4.1.

## **2. Nærmare om styret**

Etter aksjelova § 6-6 (1) er valperioden for styremedlemer to år dersom vedtekten ikkje fastset kortare eller lengre tenestetid. Viss utkastet til vedtekter vert vedteke av fylkestinget – slik det ligg føre – vert valperioden fire år. Generalforsamlinga står likevel fritt til å velje nye styremedlemer uavhengig av kva for tenestetid som er fastsett i vedtekten, jf. aksjelova § 6-7 (2) første setning, der det heiter at «(e)t styremedlem kan avsettes av den som har valgt styremedlemmet».

Det er krav om representasjon av begge kjønn i (fylkes)kommunalt kontrollerte aksjeselskap, jf. kommunelova § 80a og ny kommunelov § 21-1. I eit styre med fem medlemer skal kvart kjønn såleis vere representert med minst to medlemer.

Dersom fylkestinget sluttar seg til fylkesutvalet si tilråding til vedtak, jf. FT-sak 42/19, må minst ein av dei tre styremedlemene som fylkesutvalet no skal peike ut, ha folkeregistrert adresse i Sogn og Fjordane.

Styreleiaren skal veljast av styret sjølv dersom vedkomande ikkje er vald av generalforsamlinga, jf. aksjelova § 6-1 (2). Ifølgje fylkesutvalet sitt utkast til § 5 i vedtekten skal styreleiaren ha folkeregistrert adresse i Sogn og Fjordane, «slik grensene var før 1. januar 2020».

Utkastet til vedtekter seier ikkje noko om det skal veljast varamedlemer til styret. Det er såleis generalforsamlinga som avgjer dette spørsmålet, jf. aksjelova § 6-3 (1). Fylkesrådmannen tilrår at generalforsamlinga i november vel to varamedlemer; éin varamedlem for dei tre styremedlemene som vert valde av A-aksjonären (fylkeskommunen) og éin varamedlem for dei to styremedlemene som vert valde av B-aksjonærane (kommunane).